

UKM

UKM VESTLAND NORD FØRDEHUSET 19. - 21. APRIL 2024

UKM

Hei!

Det nærmar seg fylkesfestival for UKM Vestland i Førde - og vi er i full gang med planlegging av festivalen. I denne brevet kjem det ein del praktisk informasjon om overnatting, mat, aktivitetar og workshops. Programmet for framsyningar og kunstutstilling kjem så snart det er på plass.

Arena

Festivalen har base på Førdehuset som ligg litt utanfor Førde sentrum med adresse: Angedalsvegen 5, 6800 Førde.

Dei sceniske framsyningane vert i storsalen, kunstutstillinga vert i atelieret og dei aller fleste aktivitetar og workshops føregår på Førdehuset og i Førde sentrum. Detaljert lokasjon vil du få beskjed ved påmelding. Du kan også spørre i sekretariatet om kor du skal møte opp.



Overnatting


Alle deltakarar overnattar på Førde ungdomsskule (FUSK). FUSK ligg rett bak hovedarenaen Førdehuset. Adressa til skulen er Kyrkjevegen 30A, 6809 Førde.

Kommunane får tildelt klasserom slik at du overnattar med dei andre deltakarane frå di kommune og reiseleiaren din. Hugs å ta med liggeunderlag og sovepose.

Det er god tilgong på garderobe og dusj på Førdehuset i første etasje under utgangen til FUSK.

På skulen er det klare reglar for stille og lys av. På klasserom skal det vere ro mellom 23.00 - 07.00. Lading av mobiltelefonar, PC-ar, nettbrett o.l. er forbode mellom 23:00 - 07:00. Om behov kan du lade ved sekretariatet.

Det blir nattevakter på skulen som sørger for at ingen utanfrå kan komme inn. Ha derfor alltid på deg festivalbandet som blir utdelt ved registrering ved ankomst. Alle deltakarar skal vere inne på skulen mellom 00.00 og 07.00.



Alkohol og andre rusmiddel

Det er nulltoleranse for bruk av alkohol og andre rusmiddel på arrangementet. Bruk av alkohol eller andre rusmiddel fører til heimsending på eiga rekning.

Mat

Alle måltid blir servert i festsalen på Førdehuset, utanom lunsjen på laurdag. Den blir servert i tredje etasje på Elvetorget i Førde sentrum.

Tidspunkt:

Fredag 19. april:

Middag 17:00 – 19:00

Kveldsmat 22:00 – 23:00

Laurdag 20. april:

Frukost 08:00 – 10:00

Lunsj på Elvetorget 12:30 – 14:00

Middag 16:30 – 18:00

Kveldsmat 20:30 – 21:30

Søndag 21. april:

Frukost 08:00 – 10:00

Lunsj 11:30 – 13:00

Kontaktperson i kommunen melder inn matallergiar i arrangørsystemet.

Fylkesfestivalen sine kanalar

Følg med på instagram: [ukm_vestlandnord](#), snapchat: [ukmvestland](#) eller Facebook: [UKM Vestland](#)/Facebook event: [UKM Vestland fylkesfestivalen Nord //2024](#). Nettside: www.ukm.no/2024-vestland-ukmvestlandnord-fordehuset/

Gi beskjed til kommunekontakt dersom du ikkje ynskjer at bilete/filmar av deg skal bli publisert i UKM sine kanalar.

Husband og pianist

Vi har eit husband med profesjonelle musikarar som kan spele med alle som treng det. Dette melder kontaktperson i kommunen inn via arrangørsystemet. Vi ønskjer at alle som har playback sender anten lenke til sin versjon av låten, lydfil, eller notar slik at bandet kan øve det inn.

Dei som spelar klassisk musikk får tilbod om akkompagnement av ein klassisk pianist og må sende inn notar til oss.

Det blir sett av tid til øving med husband/pianist slik at de er klare til konsert.

Lydfiler

Dei som skal ha lydfiler på sitt innslag (m.a. dans) må sende oss lydfiler av god lyd kvalitet slik at teknisk personell har dette klart til show og prøver.

Workshops

I tillegg til tekniske prøver, øvingar med husband/pianist og tilrettelegging av kunstutstilling, blir det aktivitetar og workshops gjennom heile helga. Desse blir tidsrommet laurdag kl. 10:00 - 15:00 og søndag kl. 10:00 - 13:00.

På festivalen blir det følgjande workshops:

- 1) Låtskriving med Line Dybedal
- 2) Moderne dans med Danseverkstedet
- 3) Maol og Moro med Huldri Galleri.
- 4) Yoga med Yoga Sunnfjord.
- 5) Gaming med Sunnfjord sport og gaming
- 6) Grafitti med Adolfito
- 7) Arrangere byttemarknad med Poden og Boden.
- 8) Sosiale medier med by.Anniken.
- 9) Konsert på Elvetorget med Unge arrangørar.

Det kan komme fleire workshops ved påmelding, vi sender ut meir informasjon og påmeldingsskjema første veka etter påske. Her er det først til mølla prinsippet som gjeld.



Nokre av workshoppene på årets festival i Førde

Aktivitetar

Vernissage

Det blir vernissage når kunstutstillinga opnar laurdag kl. 17.30. Kom til atelieret og sjå all kunsten som er laga av deltakarane!

Framsyingar

Det blir 3 framsyingar med innslag frå deltakarane på festivalen. Fredag kl. 20.30, laurdag kl. 18.30 og søndag kl. 13.30

Jamsession

Etter framsyingane fredag og laurdag blir det rigga til jamsession på kulturskulen.

Lunsjkonsert

Det blir pop-up lunsjkonsert på Elvetorget i Førde sentrum laurdag kl. 13:00. Dersom du har lyst å bidra på konserten så kan du melde deg på denne workshopen. Vi ynskjer at alle er med å ser på konserten. **NB!** det er begrensa med teknisk utstyr så tenk akustiske innslag. (?)

Byttemarknad med Poden og Boden

Ta med maks 3 plagg som du ikkje brukar lengre. Dei byttast inn i sekretariatet frå kl. 11:00 - 17:00 på fredag mot kupongar. Når Byttemarknaden opnar kl. 10:00 - 14:30 ved Poden og Boden i Førde sentrum, kan du bytte kupongar mot klede som andre har tatt med. Slik kan kledene leve lenger! Smart, ikkje sant? NB! kledene må vere reine og heile.

Løa laurdag

Laurdag kveld kl. 21:00 - 00:00 er ungdomsklubben Løa opent for UKM-deltakarar og lokal ungdom. Vi lagar til jamscene og dansegolv i andre etasje. Løa har gaming utstyr, perler, spel, kiosk og mykje meir.

Andre aktivitetar

I sekretariatet finst det ei kasse med diverse spel og leikar som du kan låne. Har du lyst å finne på noko - sette i gang ein leik eller noko anna? Ta kontakt med UA (unge arrangørar) som du finn i sekretariatet.

Unge arrangørar, konferansierar og UKM Media

Desse har eigne opplegg under festivalen. Informasjon om desse får de i dialog med oss i Hending.

Helsing oss i Hending,

Svein Inge Bjørkedal, Elise Hessevik og Julie Herstad Øvrelid



Vi gler oss til fylkesfestivalen UKM Vestland Nord!